



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Stein Byrkjeland, 5557 2114

Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde - utviding kai - verneforskriften - endring fritidsbustad - 467/13 Namtveit - Alver

Vi viser til dykkar skriv av 29.6.2022 der ein ber om uttale til om utviding av kaifront på gnr 467/13 krev dispensasjon frå verneforskrifta for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde.

Det marine verneområdet omfattar berre sjøareal, og vernegrensa går ved 2 m under sjøkartnull. Søknaden dreier seg om utviding av kaifronten til 1,2 m. Vi reknar med at dette er ei utviding i horisontalplanet, og ikkje vertikalt. Det er såleis uklart om delar av tiltaket vert liggjande innanfor verneområdet, men det vil uansett vere tale om marginar som ikkje har avgjerande verknad på verneområdet. Naustet ligg der frå før av, det same gjer fleire andre naust i nærområdet.

Heile Taulevågen er registrert som eit lokalt viktig ålegrassamfunn, basert på ei eldre fagleg registrering frå 1985. Vi har ikkje oppdatert detaljinformasjon om denne førekomsten. Ålegras er i dag rekna som ein viktig naturtype som må takast omsyn til ved alle nye utbyggingar, og dette er særleg viktig i eit verna område. Om det veks ålegras i tiltaksområdet eller innanfor ein radius på 20 m frå dette, pliktar utbyggjar å ta tilstrekkeleg omsyn til førekomsten ved gjennomføringa av tiltaket. Om ein treng råd om korleis dette kan gjerast, kan ein ta kontakt med statsforvaltaren sin sakshandsamar.

Vi vurderer saka som eit mindre tiltak i randsona til eit marint verneområde som ikkje treng dispensasjon frå verneforskrifta. Denne vurderinga har ingen konsekvens for eventuelle andre merknadar frå statsforvaltaren etter anna lovverk.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Stein Byrkjeland
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

